



AUSTEVOLL VIDAREGÅANDE SKULE  
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

# Utviklingsplan 2016-2018



*STØ KURS MOT NYE HORIZONTAR*

## Innleiing

Austevoll vidaregåande skule skal vere ein god stad å vere og ein god stad å lære. Elevene skal oppleve å vere i kontinuerlig fagleg og sosial utvikling. Haldningar skal koplast til fagkunnskap og fagleg dugleik og skal prege opplæringa i alle fag. Me skal vere leiande i yrkesretta utdanning innan akvakultur, maritime fag og fiskerifag. Alle elevar, utan unntak og uansett forhistorie og framferd, skal møtast høfleg og med respekt.

Skulen skal vurdera seg sjølv kontinuerlig, og det er viktig at alle involverte partar skal bli høyrte og få komme med innspel på korleis skulen kan bli endå betre. Våre elevar skal gjennom samarbeidsavtaler med næringslivet i Austevoll og omegn, verte presentert for spanande og aktuelle arbeidsoppgåver. Austevoll vidaregåande skule skal kunne tilby utplassering ved verksemder direkte knytt til det marine- og maritime landskapet som skal verte arbeidsplass for våre elevar i framtida. Praktiske læringsarenaer er viktig for å ha høg grad av relevans og for å motivere til læring. Elevar frå Austevoll vidaregåande skule skal vere godt budde for yrkeslivet dei vil møte, og dette krev moderne utstyr, gode anlegg og god praktisk opplæring.

### Eit aktivt læringsmiljø

Læringsmiljøet på Austevoll vidaregåande skule skal vere prega av gode relasjonar mellom elevar, mellom elevar og lærarar og lærarane seg i mellom. Lærarane skal vere tydelege leiarar og skal møte elevane med respekt og gode haldningar. Læringsmiljøet vert sikra ved at lærarane:

- ✓ stiller tydelege krav til elevane og samtidig sikrar at dei opplever meistring
- ✓ viser elevane tillit og lar dei få stadig aukande påverknad over eiga læring
- ✓ skaper lærings situasjonar der elevane er aktive
- ✓ samarbeidar med føresette slik at elevane opplever forventning og støtte om læring
- ✓ legg til rette for at elevane vert kjende med eigne sterke og svake sider i ulike situasjonar som krev samarbeid.

### Maritim utdanningsinstitusjon

Austevoll vidaregåande skule er godkjent som maritim utdanningsinstitusjon av Sjøfartsdirektoratet, og er sertifisert av klaseselskapet DNV-GL og innehar sertifikatet; *DNV GL Standard for Certification of Maritime Training Providers No. DNV GL-ST-0029*.

Skulen vert regelmessig revidert av Sjøfartsdirektoratet og DNV-GL. Standarden som Austevoll vgs er sertifisert etter, DNVGL-ST-0029, jf. pkt. 2.1.1., pålegg skulen å etablere ein kvalitetspolitikk, derunder å overvake, måle og analysere ulike prosesser for å sikre kontinuerlig forbetring av prosessane. I utviklingsplanen for Austevoll vgs 2016-2018 er det difor lagt vekt på at dei ulike måla er spesifikke, målbare, relevante og tidsavgrensa, slik at planen også er i tråd med kravet frå DNVGL-ST-0029.

### HFK - Styringsdokument for pedagogiske utviklingsarbeidet 2016 – 2018

For perioden 2016-2018 har skulane i Hordaland fylkeskommune etter ei heilskapleg vurdering fått handlefridom når det gjeld val av tiltaksområde. Det overordna målet står framleis fast; *Auke læringsutbytte og fullføring*. Skulane har ansvar for å vurdere eigen organisasjon og eigne resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderinga skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak. Det er skulane som skal definere tiltaksområde for det pedagogiske utviklingsarbeidet i perioden 2016 – 2018 og grunngi valet ut frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.

**Val av tiltaksområde; Profesjonalitet, yrkesretting og relevans, og vurdering.**

Austevoll vgs har valt 3 hovudfokusområder for perioden 2016-2018: yrkesretting og relevans, profesjonalitet og vurdering.

Dei seinaste åra har fullføringsgraden ved skulen vore særst god. Fullføringsgraden for skuleåret 2015/2016 var 94,2 %, og fråfallet var på 0,7 %.

Snittpoengsummen ved inntak var 36,6 - ein auke på 0,8 poeng sidan skuleåret 2013/2014.

Med å ha fokus på dei tre tiltaksområda i utviklingsplanen, er målet til skulen at fullføringsgraden skal halde seg stabilt på om lag 95 % og at fråfallet skal halde seg under 1 %.

## PROFESJONALITET

I rapporten som Sjøfartsdirektoratet publiserte på «Sjøsikkerhetskonferansen» i september 2016, skriv dei at deira satsing for 2017 er *RISIKO*. Sjøfartsdirektør Olav Akselsen poengterer innleiingsvis i rapporten at gode haldningar og rutinar for å redusere risiko må starte på toppen i reiarlaga. Austevoll vgs meiner at gode haldningar og rutinar er sentrale og særskilt viktige grunnsteinar i dei ulike utdanningane, og difor vil skulen ha fokus på mellom anna desse områda under tiltaksområdet *profesjonalitet*.

Mål	Tiltak	Måloppnåing	Frist	Ansvarleg
Alle lærer og elever skal bruke verneutstyr og arbeidsantrekk i risikofulle soner til enhver tid	Opprett egne vernesoner med påbudt personlig verneutstyr	Ingen avvik eller merknader	Juni 2018	Avdelingslærer Faglærer Verneombod
	Innkjøp av ekstra personlig verneutstyr	Ingen avvik eller merknader	Juni 2017	Avdelingslærer Faglærer Verneombod
	Lag eigna lagringsplass for verneutstyr	Gjennomført	Des 2016	Avdelingslærer Faglærer Verneombod
Tilsette og elevar skal ha felles retningslinjer og gode haldningar	Klassemiljø (reglar) vert teken opp som et fast punkt i klasselærarråd.	Referat frå klasselærarråd Elevundersøkinga	Skulestart	Kontaktlærer
	Elevane får, i løpet av den første tida på skulen, klare retningslinjer for kva me ventar av dei resten av skuleåret	Klasselærarråd Oppstartsevaluering i fellesmøte	Skulestart	Alle tilsette
	Haldningar som er utarbeidet i «Trivselsplakat» vert årleg evaluert.	Medarbeidarundersøkinga Intern undersøking om arb.miljø	Aug 2017 Aug 2018	Leiargruppa
Forbetre deling og informasjonsflyt	Vidareformidle kunnskap tileigna på kurs og møter	Dokumentert skriftleg	Kontinuerleg	Alle tilsette
	Opplæring i bruk av fil- og samskrivingsprogram for elevar og lærarar	Kurs gjennomført	Des 2016	e-Koordinator
	Utarbeide ei rutine for rettleiing av nyttilsette	Prosess/prosedyre i KS	Juni 2017	Leiargruppa
	Elevane får opplæring i bruk av informasjonskanalar, og lærarane syt for jamn bruk av læringsplattforma	Kurs gjennomført Evaluering ved terminslutt	Aug 2017 Aug 2018	e-Koordinator Lærarane

## YRKESRETTING OG RELEVANS

Austevoll vgs er ein «blå skule». Ved å vere den einaste skulen i Hordaland som tilbyr både vg2 fiske og fangst, vg2 akvakultur og vg2 maritime fag, er skulen unik. Me ligg lokalisert heilt i sjøkanten vest i havet midt i den maritime og marine klynga. Opplæringsfartya våre og opprettsanlegga i nærområdet er sentrale læringsarenaer. Å få den marine og maritime kunnskapen forankra i fellesfaga, og dra fellesfaga inn dei ulike praktiske undervisningsøktane, er noko skulen ynskjer å bli endå betre på. Vonleg vil dette gje elevane ei oppleving av økt relevans i utdanninga, og samstundes vere eit godt tiltak til å halde interessa og motivasjonen oppe. Etersom Austevoll vgs er ein «blå skule», er det og eit mål å få presentert yrkesvegane som ligg innanfor dei maritime og marine næringane for elevane i vg1 studiespesialiserande og vg1 helse og oppvekstfag. Difor er *yrkesretting og relevans* eit område som skulen ynskjer å ha fokus på i denne perioden.

Mål	Tiltak	Måloppnåing	Frist	Ansvarleg
Fagleg oppdaterte tilsette	Intern og/eller ekstern hospitering – minst 1. gang pr. skuleår.	Gjennomført med rapport Intern undersøking Leiingas gjennomgang	Juli 2017 Juli 2018	Avdelingsleiar Faglærer
Fellesfaglærarane skal ha kunnskap om dei ulike programfaga og yrka elevane utdannar seg til	Skulen skal vera representert på maritime og marine messer/konferansar	Gjennomført og delt på fellesmøte Intern undersøking Leiingas gjennomgang	Årleg	Avdelingsleiar
	Delta på skulerelaterte konferansar som MUF, FosFor, Ocean Talent Camp og «Dei gode døma».	Gjennomført og delt på fellesmøte Intern undersøking Leiingas gjennomgang	Årleg	Avdelingsleiar
	Innlegg/føredrag frå representant frå næringslivet – 1. gang i halvåret.	Intern undersøking Leiingas gjennomgang	Terminslutt	Fagleiar
	Elevane i alle program må få prøva seg i relevante praktiske læringsarenaer.	Alle elevar på yrkesfag, utanom vg1 naturbruk, skal utplasserast i verksemder. Vg1 Naturbruk skal bruke eigne opplæringsfarty. Vg1 studiespesialiserande deltek i FATE og reiser på studietur til Spania.	Utplassingsrapportar Vurderingsskjema – YFF Intern undersøking	Juni 2017 Juni 2018
Sikre tverrfagleg samarbeid	Tverrfagleg samarbeid skal vere fast punkt på saklista i klasselærarråd.	Referat frå klasselærarråd	Etter kvart klasselærarråd	Kontaktlærer
	Kvar klasse må ha minimum eit tverrfagleg prosjekt pr. skuleår	Intern undersøking	Juni 2017 Juni 2018	Kontaktlærer
Yrkesretting av fellesfag	Kvart fellesfag på yrkesfaglege program ha eit yrkesretta prosjekt/tema i kvar termin.	Elevrapportar Intern undersøking	Terminslutt	Faglærer

## VURDERING

Elevane si rett til vurdering er forankra i forskrift til opplæringslova § 3-1 til 3-3. Elevane i den vidaregåande skule har rett på undervegs- og sluttvurdering, og samstundes at opplæringa er dokumentert. Måla med opplæringa og kva som vert vektlagt ved vurdering skal vere godt kjent for eleven. Formålet med vurdering i fag er å fremje læring undervegs og uttrykkje kompetansen til eleven undervegs og ved avslutninga av opplæringa i faget. For å sikre at skulen held fokus på dette viktige arbeidet er tiltaksområde *vurdering* valt for inneverande periode.

Mål	Tiltak	Måloppnåing	Frist	Ansvarleg
Alle elevar skal vite kva som forventast av dei i dei ulike faga  Karakterar i standpunkt og på eksamen på høgde med landsgjennomsnittet	Faglærarane skal arbeide kontinuerleg med vurderingskriterier og kjenneteikn på måloppnåing i faget, og presentere dette for elevane.	<ul style="list-style-type: none"> <li>✓ Elevsamtaler</li> <li>✓ Undervegssamtaler</li> <li>✓ Undervisningsevalueringa</li> <li>✓ Elevundersøkinga</li> <li>✓ Interne og eksterne tilstandsrapportar og revisjonar</li> </ul>	Kontinuerleg	Avdelingsleiar Faglærarar
	Læreplan med vurderingskriterier skal ligge føre og presenterast for elevane ved skulestart.	Ligg under faget på It s Learning	Skulestart	Faglærar
Elevane skal ha medverknad og oppleve at dei deltek aktivt i sitt eige læringsarbeid.	Vurderingar skal gjennomgåast i samråd med elevane.	Elevundersøkinga Undervisningsevalueringa	Kontinuerleg Terminslutt	Faglærar
	Eigenvurderingar skal utførast i alle fag, minst ein gang pr. termin.			
	Føredrag/workshop på eigenvurdering og elevmedverknad for lærarane.	Gjennomført	Juni 2017	Leiargruppa
Skulen sin vurderingskultur skal fremja tilpassa opplæring	Vurderingssituasjonar vert tilpassa kvar enkelt elev	Elevsamtaler Undervegssamtaler Elevundersøkinga Tilstandsrapporten	Kontinuerleg	Faglærarar
Kvalitetssikre vurderinga ved utplassering	Revidere vurderingsskjema – YFF	Gjennomført	Okt. 2016	Avdelingsleiar Faglærar